

Referat frå Årsmøte i Askvoll Småbåtlag 12.03.2026 Kl. 18.00

- Frammøtte 16 stk inkl. styret.

Sak1,

Val av møte leiar: Trond Andersen

Val av skrivar: Helge Follevåg

Val av 2 til å signere møtebok: Tore Solheim og Per Øystein Ask

Sak 2, Godkjenning av innkalling:

Formann orienterer at sak 5 og 6 byter plass

Samrøystes vedtatt

Sak 3, Årsmelding:

Formann las årsmeldinga,

Samrøystes vedtatt

Sak 4, Rekneskap:

Formann las kommentar/oppsummering frå Aider,

Samrøystes vedtatt

Sak 5, Forsikring

Formann orienterer at inneværande forsikring med Tryg går ut 09.09.26. Tryg vil ikkje kunne tilby naturskade forsikring, noko styret meiner båtlaget må ha. Norske Sjø og Fender Marine er forsikringsselskap som kan tilby naturskade forsikring for flytande brygger. Forsikringspremie vil auke frå 22.000,- til omtrent 60.000,-

Pauseinnslag:

Terje Breivik fortel om skipinga av Askvoll Småbåtlag i 1976. Terje var første formann i laget. Småbåthavna var først planlagt om lag framfor der Askvoll Brygge er etablert i dag. Men Statens Havnevesen ville ikkje ha denne plasseringa, så laget bestemte derfor at endeleg plassering vart Alle'hamna. Finansiering skulle dekkast av bidrag frå brensinavgifts fondet, tegnede medlemmer m/innskudd og Askvoll Kommune. Dette gjekk i boks og av 4 anbud vart Olbjørn Tangedal valgt ut som entreprenør. I løpet av prosessen vart det bestemt at laget skulle gå forflytebrygger kontra å belegge båtane i land og med baktau. Dette førte til at medlemmane måtte inn med 3000,- ekstra. Resten er historie. Terje vart applaudert og kake vart servert.

Sak 6, Fastsetjing av innskot, medlemskontingent, hamneleige og framleige:

Formann orienterer om dagens satser. På bakgrunn av orienteringa i sak nr.5 (forsikring), gjer styret framlegg om å auke sats for hamneleige og framleige med kr 400,- pr. år, gjeldande frå inneværande år.

Samrøystes vedtatt

Sak 7, Val Formann, kasserar, 1 varamedlem og revisor på val.

Formann: Trond Andersen

Kasserer: Sten Oskar Svellingen

Vara: Aleksander Ask

Revisor: Nina Haugstad

Alle tek gjenvæl

Samrøystes vedtatt.

Sak 8, Valnemd:

Leiar Andreas Takle

Nest leiar Anniken Gjørøy

Nytt medlem Janne Haugstad

Samrøystes vedtatt

Sak 9, Innkomne saker:

- Ingen innkomne saker

Møteslutt: 20.00

Signatur:

Tore Solheim

Per Øystein Ask